

Fra: Ingrid Kristine Holm Svendsen (Ingrid.Kristine.Holm.Svendsen@hfk.no)

Sendt: 31.08.2019 12:34:06

Til: Hogne Haktorson; Roald Breistein

Kopi:

Emne: Skuledebattar / valtorg

Vedlegg:

Hei,

Forstår at denne saka skal handsamast av kontrollutvalet måndag og tenkte dette kunne vere klårgjerande informasjon frå administrasjonen si side.

Vh Ingrid

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Bjørn Lyngedal <Bjorn.Lyngedal@hfk.no>

Dato: 29. august 2019 kl. 15:56:50 CEST

Til: Rektorene i HFK <D-Rektorene_i_HFK@hfk.no>

Emne: Skuledebattar / valtorg

Bruk av valmateriell i politiske skuledebattar/valtorg

Det er kome reaksjonar på at Unge Venstre har brukt valkampmateriell som ikkje er i tråd med skulen sitt rusførebyggande arbeid. Her inngår bruk av klistremerke, buttons og plakatar med ordlyden «Legalize it».

Opplæringssektoren i Hordaland har lagt ned eit stort arbeid kring rusførebygging, med eit mål om rusfrie skular. I samband med Unge Venstre sin politiske kampanje, er det innhenta juridisk kompetanse som har vurdert om valkampmaterialet er i strid med opplæringslova.

Konklusjonen er som følger:

- Skuleeigar kan eller bør ikkje avgrense dei politiske partia sine munnlege ytringar under debatt, eller som ledd i samtalar dei politiske partia har med elevar i skulevaltorga. Dette så lenge ytringane ikkje er straffbare. Ein kan oppfordre partia til å opptre sakleg og konstruktivt, mellom anna at ein ikkje aksepterer at det vert oppfordra til bruk av cannabis/rusmiddel.
- Unge Venstre sitt valkampmateriale er vurdert i høve opplæringslova § 9-6 «Skuleeigaren skal sørge for at elevane ikkje blir utsette for reklame som er eigna til å skape kommersielt press, eller som i stor grad kan påverke haldningar, åtferd og verdier, mellom anna på skulen sitt område.....» og Udir sin rettleiar om reklame i skulen.

Vurderinga er at noko av Unge Venstre sitt valmateriell ligg i ei gråson for reklameforbodet i opplæringslova. Samla sett vil det vere forsvarleg for HFK å legge ned forbod mot dei delane av Unge Venstre sitt valkampmateriell som kan framstå som reklame for bruk av cannabis.

På bakgrunn av den juridiske konklusjonen vurderer fylkesdirektøren det slik at Unge Venstre ikkje skal nektast å bruke valkampmaterialet sitt.

I høve skuledebatten vert skulane v/rektor oppfordra til:

- å ønskje velkommen til ein god og konstruktiv debatt.
- å be alle ungdomspartia om å respektere dei haldningane, verdiane og reglane vi er opptatt av å formidle til elevane. (Jamfør retningslinjer for rusførebygging i skulen og folkehelseperspektivet).
- å oppfordre til ikkje å bruke valkampmateriell som kan framstå som reklame for bruk av rusmidlar.

-----PS-----

GIR GRØNT LYS FOR UNGE VENSTRE-KAMPANJE

Kunnskapsminister Jan Tore Sanner sier det ikke er noe grunnlag for å [nekte Unge Venstre å bruke plakater som tar til orde for legalisering av cannabis](#) i forbindelse på skoledebatter.

Flere steder har skoler nektet Unge Venstre å sette opp disse plakatene.

– Jeg mener det er viktig at barn og unge får en god innføring i ytringsfrihet og demokrati. Hvis skoleeier går inn og legger begrensninger på partienes argumentasjon og symbolbruk, vil det kunne ha motsatt effekt, skriver Sanner .

Han skriver dette i et svar på et spørsmål fra Høyres stortingsrepresentant Peter Frølich.

REf nyhet på vg.no kl 15:19

Med vennlig hilsen
Bjørn Lyngedal
Fylkesdirektør opplæring



Bjorn.Lyngedal@hfk.no | 950 33 770